

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Møte nr. 1-2019 i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Dato: 22. mars 2019

Stad: Volda sjukehus, møterom 2 i plan 0

Møtetid: Kl. 10.00-14.15

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:

Hareid kommune ved konstituert kommunalsjef
og einingsleiar helse og koordinerande eining Monica Svoren
Herøy kommune ved kommuneoverlege Torill Myklebust
Sande kommune ved einingsleiar Wenche Thorseth
Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen
Volda kommune ved kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol
Ørsta kommune ved seksjonsleiar helse- og velferdstenester Kristin Vik
HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen
HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust
HMR – Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste
HMR – Volda sjukehus ved sjukehuskoordinator Knut Nautvik
Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Frå Helse Møre og Romsdal HF:

Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgiver i Seksjon for samhandling HMR HF (sak 7 og 8/2019)

Andre:

Einingsleiar Malene Rovde ved Tildelingskontoret i Volda Kommune (sak 6/2019)
Prosjektleiar for felles legevakt Ørsta/Nye Volda Bent Ingebrigtsen (sak 9/2019)

Forfall:

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen
Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy
Vanylven kommune ved kommunalsjef Arnhild Nordaune

Møteleiar: Leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde, sjukehuskoordinator Knut Nautvik ved Volda sjukehus

Referent: Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 1/2019: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

Møteinnkallinga vart godkjend. Avdelingssjef medisinsk avdeling ved Volda sjukehus Mona Ryste meldte ei sak til eventuelt. Saka var å leggje til rette for fleire turnuskandidatar (LIS 1) i kommunane på Søre Sunnmøre.

Sak 2/2019: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 2-2018 (26. oktober 2018)

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Knut Nautvik

Referatet vart godkjend.

Sak 3/2019: Kompetanseplan 2019 mellom Volda sjukehus og Sjustjerna

Ved avdelingssjef medisinsk avdeling ved Volda sjukehus Mona Ryste

Kompetanseplan 2019 er ein felles tiltaksplan mellom Volda sjukehus og kommunane i Sjustjerna. Kompetanseplanen tek utgangspunkt i den den felles kompetanse- og rekrutteringsplanen for Helse Møre og Romsdal og kommunane som vart laga i 2011.

Fagdagar og temadagar er del av planen. Ryste tok opp om kompetanseplanen skal vedtakast i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Det kom innspel om at ein framover må ha meir prosess (i kommunane på søre Sunnmøre) i samband med utarbeiding av kompetanseplan.

Kompetanseplan vert sak på møtet i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde hausten 2019.

Sak 4/2019: Arbeid med revisjon av samhandlingsavtalane

Ved medlem i forhandlingsutvalet ved revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol i Ørsta og Volda

Dei første møta i samhandlingsutvalet vart nytta til å einast om mandatet. Ein er no i gang med å gjennomgå eksisterande hovudavtale punkt for punkt. Forhandlingsutvalet treng innspel frå partane på samhandlingsstruktur.

Frå brukarutvalet vart det sagt at ein ønskjer at samhandlingsstrukturen skal vere som no. Brukarutvalet er opptekne av samhandlinga mellom fastlege, kommune og spesialisthelseteneste. Lokale samhandlingsutval kan rydde opp i «vekslingane» mellom nivåa.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde meinte at leiarane i dei lokale samhandlingsutvala burde sitje i det overordna utvalet for å sikre gjennomgåande representasjon.

Som sentrale tema for utvalet vart det nemnt kunnskapsutveksling, drøfting av lokale saker (t.d. lokalsjukehus og BUP), igangsetting av retningslinjer, samt føringar opp og ned mellom nivå (lokale og overordna samhandlingsutval).

Vidare meinte samhandlingsutvalet at ein bør få oppnevnt brukarrepresentant også frå kommunane til å sitje i utvalet.

Sak 5/2019: Presentasjon av Volda sjukehus

Ved sjukehuskoordinator Volda sjukehus Knut Nautvik

Frå 1. januar 2017 var det ny organisasjonsmodell i Helse Møre og Romsdal. Klinikksjefane er sjef for fagklinikane ved alle 4 sjukehusa. Sjukehuskoordinator skal vere «lim» mellom fagmiljøa ved alle 4 sjukehusa.

Det er utviklingsplan for verksemd- og bygningsmessig utvikling. Sjukehuset i Volda har eit breitt tilbod, og har fått ein del nye oppgåver internt i klinikane. Eit nytt område er t.d. fedmekirurgi.

Jf. bygningsmessig utviklingsplan er det laga ein rapport om nytt akuttmottak ved sjukehuset i Volda. Neste trinn er nytt sengebygg.

Omvisning på Volda sjukehus

Ved sjukehuskoordinator Volda sjukehus Knut Nautvik og avdelingssjef Mona Ryste

I omvisninga var ein mellom anna innom DPS poliklinikk, akuttmottak, intensiv og medisinsk sengepost.

Sak 6/2019 Samhandling mellom sjukehuset og Tildelingskontoret i Volda kommune

Ved einingsleiar tildelingskontoret i Volda kommune, Malene Rovde.

Rovde viste til at ein har sett ei endring der pasienten vert utskriven tidlegare enn før, og at pasientane er sjukare (multisjuka) enn før. Ho viste til at sjukehuset ikkje kan «bestille» tenester frå kommunane.

Det vart kommentert i samhandlingsutvalet at mykje handlar om å forbetre dialogmeldingane. Sjukehuset treng opplysningar frå kommunane i høve til korleis ei god henvisning skal sjå ut. Ikkje alle avviksmeldingar frå kommunane til sjukehuset har pasientverdi. Sjukehuset sender ikkje avvik til kommunane.

For pasientane er det viktig at partane møtast for å drøfte prosedyrene i samhandlinga.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 7/2019 Pasientforløp for den eldre multisjuka pasient. Handlingsplan 2019-2020

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Det er to hovedfokus i 2019 og 2020:

1. «Kva er viktig for deg?»-samtalen blir gjennomført i møte med pasientar på alle tenestestivå. Dokumentasjonsverktøy er i ferd med å kome på plass i e-meldingsflyten.
2. Dempe behov for innlegging/reinnlegging i sjukehus. Oppdage forverra tilstand tidleg, førebygge utvikling av forverring, gi auka trygghet og mestringsoppleving.

Tyrholm orienterte om tiltak ein arbeider/følgjer med på.

Sak 8/2019 Bruk av KAD-senger 2018

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Tyrholm viste tal frå 2017 på den faktiske bruken av KAD-senger i Møre og Romsdal. Beleggsprosenten i Volda sjukehusområde var 16%, medan totalen i fylket var 25%.

Det vart drøfta om KAD-senger i kommunane vert nytta til andre ting enn det som er formålet, og om interkommunalt samarbeid vil føre til meir bruk av KAD-senger.

Det kom innspel om at geriater på sjukeheim fører til færre (re-)innleggingar på sjukehus i dei eldste aldersgruppene (+90).

Bruk av KAD-senger vert sak i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde hausten 2018.

Sak 9/2019: Informasjon om plan for legevaktsamarbeid

Ved prosjektleiar Bent Ingebrigtsen

Nye Volda kommune og Ørsta kommune ser på moglegheitene for å etablere legevaktsamarbeid. Kommunane oppfyller i dag ikkje krav til legevaktene (bemanningsskrav, kompetansekrav, utrykningskrav og samtreningskrav).

Ny felles legevakt er tenkt lokalisert i umiddelbar nærleik til ambulansestasjon og politi. Modellen legg opp til interkommunal legevakt Ørsta og Volda for heile døgnet utover kl. 8-16 på kvardagar. Fortsatt felles nattlegevakt for heile Søre Sunnmøre.

Sak 10/2019: Eventuelt

Avdelingssjef medisinsk avdeling ved Volda sjukehus Mona Ryste tok opp å auke opp talet på turnusplassar i kommunane på Søre Sunnmøre. Kommunane skal tilsette fastlegar i åra som kjem, og sjukehuset har stor søking til LIS 1-stillingar.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Ryste såg det som ønskjeleg at fleire av kommunane på søre Sunnmøre tek imot turnuskandiatar . Det vart kommentert at det er naudsynt med god rettleiing til turnuskandidatane.

Det er viktig at sjukehuset arbeider for fleire LIS-1 stillingar til sjukehuset.

Under eventuelt bestemte også samhandlingsutvalet at neste møte vert 29. november 2019 i Ulstein kommune.

Kopi til:

Oppnemnde vararepresentantar:

Hareid kommune: einingsleiar heimebasert Unni Bergdal

Herøy kommune: kommunalsjef Renate Rossi Kaldhol

Sande kommune: einingsleiar Wenche Thorseth

Ulstein kommune: kommuneoverlege Norunn Kirkebø Elde

Vanylven kommune: avdelingsleiar Eli Tefre Nordal

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

Ørsta kommune: ved seksjonsleiar helse- og velferdstenester Kristin Vik

Brukarutvalet: Jakob Strand

Sjustjerna helse og omsorg:

Koordinator Gro Anette Frøystad Voldsund, fagutviklingssjukepleiar i Herøy kommune

Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:

Samhandlingssjef Lena Bjørge Waage